

Valestiftinga v. Reidar Handeland  
5451 Valen

## **Søknad om byggeløyve og dispensasjon frå strandsoneforbudet i LNF-området i Nordrevågen på Valen i samband med opprusting av rastehytte**

### **Historikk**

Valestiftinga er ei ideell stifting som: «Arbeider for å ivareta og forvalta sjukehushistoria og natur og kulturhistoriske verdiar i Valenområdet, m.a.bygningar, natur og kulturlandskap til allmennyttige føremål for breide brukergrupper».

I 2006 fekk stiftinga løyve frå grunneigar Hordaland fylke til å reisa ei lita, open rastehytte (areal omlag 10kvm) ved Nordrevågen litt nord for båthamna på Valen. Hytta har vore nytta som turmål for lokalbefolkning og pasientar ved Valen sjukehus / Folgefonn DPS i samband med ulike pasientaktivitetar. Før reisinga av hytta fekk tekniske tenester i Kvinnherad oversendt kopi av godkjenningsskrivet frå fylket, men i følge kommunen vart det ikkje søkt om byggeløyve. Dette ønskjer ein no å få formalisert og rydda opp i gjennom denne søknaden som omfattar reising av ei litt større bygning (18kvm) der eksisterande rastehytte er plassert (sjå vedlagte situasjonsplan).

### **Dagens situasjon**

Helse-Fonna har no selgt eigedomen Ekely med uthus. Uthuset har vore nytta som lager for utstyr til sjøaktivitetar for pasientar på Valen sjukehus / Folgefonn DPS (fiskeutstyr, påhengsmotorar, livvester, padleårer, spruttrekk til kajaker osv.).

Dette medfører at fritid / ergoterapi avdelinga på sjukehuset mister sitt lager for slikt utstyr i nærs sjøen og båtane. For å stetta behovet for eit låsbart lager, og samstundes oppretthalde ei rastehytte i området, søkjer no Valestiftinga om dispensasjon frå strandsoneforbudet for å kunne reisa eit litt større grindverksbygg på om lag 3 x 6m = 18kvm der noverande rastehytte er plassert. Vi ønskjer å setja opp eit grindverksbygg som består av eit ope areal til friluftsføremål og eit låsbart areal til utstyr (sjå vedlagte teikning og situasjonsplan). Vi planleggjar å reisa hytta som eit dugnadsprosjekt, med hjelp frå bygningsfolk frå sjukehuset og pasientaktiviseringsgruppa Brubyggjarane, som siden 2005 har jobba med ymse mindre byggjeprojekt (bruer, vedhus, rastehytte på Valøya osv.).

Eksisterande rastehytte ønskjer vi på sikt å flytta høgare opp i området ved Svartatjødn, der vi tidlegare har fått løyve og midlar frå Fylkeskommunen til å kunne setja opp ei lita hytte knytta opp mot turvegnettet i Valedalen. Dette prosjektet vart imidlertid stilt i bero i samband med salet av Valen og Handeland Gard. Eit slikt prosjekt vil eventuelt bli tatt opp i særskilt søknad etter at vi har vore i dialog med fylket.

### **Oppsummering**

I samsvar med vedlagte teikningar og situasjonsplan søkjer Valestiftinga med dette om dispensasjon frå strandsoneforbudet i LNF-området for å setja opp eit lite grindverksbygg ved Nordrevågen rett nord for båthamna på Valen, der noverande ope rastehytte er plassert. Bygget vil bestå av ein open del til friluftsføremål og eit låsbart rom. Noverande hytte vil

verta demontert og tatt ned. Eventuell ny plassering av denne vil vi koma attende til i ein særskilt søknad.

Reidar Handeland  
leiar Valestiftinga

Sven Løkeland  
nestleiar Valestiftinga

Vedlegg:

- Teikningar og Situasjonsplan